

Fjord kommune

Innkalling

Utval:	Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad:	Rådhuset i Valldal
Dato:	21.05.2019
Tid:	Kl. 17:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall og om rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast på telefon 70 25 88 00, så snart som mogleg. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling.

Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med administrasjonssjefen før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å vende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør være utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med leiaren før møtet.

Orienteringar:

Økonomi v/økonomisjefen

IKS V/administrasjonssjefen

Tilsettingsprosess kommunalsjef oppvekst og kultur v/administrasjonssjefen

Orienterings om sjølvkost v/Krekvik i Momentum

Eventuelle orienteringar v/leiaren og prosjektleiaren


Sakliste

Sakstype	Sak nr.	Sakstittel
PS	021/19	Godkjenning av møtebok
PS	022/19	Referatsaker
RS	1	Svar vedkomande skulekretsar i Fjord kommune
RS	2	Tentativt tilbod om kjøp av skuleplassar for elevar frå Stranda kommune
RS	3	Vedtak - Organisering, drift og investeringar - omgjering til oppvekstsenter i Liabygda
PS	023/19	Fjord kommune ei nasjonalparkkommune
PS	024/19	Endeleg rapport frå arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling
PS	025/19	Val av kommunevåpen for Fjord kommune

Valldal den 16. mai 2019

Eva Hove
leiar

Bente Klakken Osvik
konsulent



Fjord kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/364
Saksbehandlar: Bente Klakken
Osvik
Dato: 16.05.2019

Saksframlegg

Godkjenning av møtebok

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
021/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	21.05.2019


Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.05.2019	Protokoll - Fellesnemnda - Fjord kommune - 06.05.2019	1326251
16.05.2019	Protokoll-Fellesnemnda-Fjord kommune-09.04.2019	1326280

Arbeidsutvalet si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad:	Telefonmøte
Dato:	06.05.2019
Tid:	Kl. 15:30 – 15:45

Medlemmer:	Parti
Eva Hove	AP
John Helge Larsen	AP
Olav Løvoll	AP
Bjørn Ove Olsen	H
Kjersti R. Hjelle	SP
Laila Olsen	SP
Viktor Valdal	TVLN
Forfall:	Parti
Arne Sandnes	SP

Andre:
Personalsjef Marius André Moe som var sekretær på møtet.

Eva Hove
leiar

Marius Andre Moe
personalsjef/sekretær

Saksliste

Sak nr. Sakstittel
020/19 Prosedyre for tilsetting av kommunalsjef for oppvekst og kultur

Møtet vart sett med 7 representantar.

Leiaren av fellesnemnda fekk tilslutning til eit brev til Stranda kommune vedr sal av elevplasser til elevar frå Liabygda.

020/19: Prosedyre for tilsetting av kommunalsjef for oppvekst og kultur

Administrasjonen si innstilling:

1. Tilsetting av kommunalsjef oppvekst og kultur vert gjort av fellesnemnda.
2. Ekstern aktør vert brukt til å filtrere søkjarmassen, gjennomfører intervju og kome med si tilråding til tilsetting.
3. For å sikre medvirkning frå eigen organisasjon deltar det to stk. frå administrasjon (Anne Berit Løset og Marius Moe) og to tillitsvalde (Adriana Cadavid og Mette N. Valdal) og ein representant frå fellesnemnda som utarbeidar si tilråding til tilsetting.
4. Fellesnemnda vel ut til å delta i intervju av aktuelle søkjarar.

Behandling:

Endringsforslag:

Pkt. 3:

Olav Løvoll fremma forslag om at det er to stk. som deltar frå Fellesnemnda i intervjuprosessen.

Pkt. 4:

Eva Hove foreslo Olav Løvoll til å delta sidan han sitt som leiar i partsamanset utval.

Olav Løvoll foreslo at nestleiar Bjørn Ove Olsen er kandidat nr. 2.

Det vart røysta punktvis:

Pkt. 1 og 2:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.

Pkt. 3:


Samrøystes i samsvar med innstillinga og Olav Løvoll sitt endringsforslag.

Pkt. 4:

Samrøystes i samsvar med forslaga frå Eva Hove og Olav Løvoll.

FELLES-FJ- 020/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 06.05.2019:

1. Tilsetting av kommunalsjef oppvekst og kultur vert gjort av fellesnemnda.
2. Ekstern aktør vert brukt til å filtrere søkjarmassen, gjennomfører intervju og kome med si tilråding til tilsetting.
3. For å sikre medvirkning frå eigen organisasjon deltar det to stk. frå administrasjon (Anne Berit Løset og Marius Moe) og to tillitsvalde (Adriana Cadavid og Mette N. Valdal) og to representantar frå fellesnemnda som utarbeidar si tilråding til tilsetting.
4. Fellesnemnda vel ut Olav Løvoll og Bjørn Ove Olsen til å delta i intervju av aktuelle søkjarar.



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnda - Fjord kommune
Møtestad: Kommunehuset i Stordal
Dato: 09.04.2019
Tid: Kl. 17:00 -19:00

Medlemmer:	Parti
Eva Hove	AP
John Helge Larsen	AP
Olav Løvoll	AP
Bjørn Ove Olsen	H
Kjersti R. Hjelle	SP
Laila Olsen	SP
Viktor Valdøl	TVLN

Forfall:	Parti
Arne Sandnes	SP

Vara:	Parti
Terje Linge	SV

Andre:

Ass.administrasjonssjef/utviklingsjef Anne Berit Løset

Prosjektleder Hilde Dyrkorn som også var sekretær på møtet

Medlem i arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling Per Magnus Berdal

Eva Hove
leder

Hilde Dyrkorn
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
016/19	Godkjenning av møtebok
017/19	Referatsaker
018/19	Syskjenmoderasjon SFO
019/19	Kontrollutvalsekretariat frå 2020 - Fjord kommune

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Orienterings-/drøftingssaker:

Orientering frå leiar i arbeidsgruppa for samfunn- og næringsutvikling, Anne Berit Løset.

Arbeidsgruppa har vurdert erfaringane frå næringsutviklingsarbeidet i begge kommunar, og målet har vore å ta med seg det beste frå begge når vi skal planlegge næringsutviklingsarbeidet i Fjord kommune. Vidare har ein henta kunnskap frå forskingsmiljøa samt sett på korleis andre kommunar arbeider med næringsutvikling. Det er svært vanleg at kommunar opprettar samarbeid med aktørar utanfor kommuneorganisasjonen for å drive med næringsutvikling. Fjord kommune må etablere ei løysing som er samlande og utviklande for næringslivet i heile den nye kommunen. Dette inneber at ein må gjere endringar/tilpassingar som stettar desse behova. Sjølv om arbeidsgruppa er breitt samansett, ser ein behov for å involvere større delar av næringslivet i å finne den endelege løysinga.

Det vert vurdert om ein kan etablere ei mellombels løysing i samarbeid med eksisterande aktørar, samtidig som ein set i gang eit breiare arbeid med å finne ei meir varig løysing.

Medlem i arbeidsgruppa Per Magnus Berdal, fekk uttale seg om arbeidet og støtta det som vart framlagt av leiaren. Det vart gitt uttrykk for at arbeidsgruppa vil trenge tid til å finne ei god løysing, og at ein burde bruke 2020 på å finne rett model for Fjord.

Fellesnemnda uttrykte at det ikkje kan vere snakk om så lang tid, og at ein burde finne driftsmodell for samfunn- og næringsutviklingsarbeidet for Fjord no. Samhandling knyt til planarbeidet for Fjord kan vere ein god måte å finne løysingar på.

Leiar i fellesnemnda ba om ny orientering og konklusjon frå arbeidsgruppa i fellesnemnda sitt møte i mai.

Presentasjonen som vart nytta i møtet vert lagt på heimesida i fana delprosjekt, samfunn- og næringsutvikling.

Orienteringa vart teken til vitande.

016/19: Godkjenning av møtebok

Arbeidsutvalet si innstilling:
Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Behandling:
Samrøystes i samsvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 016/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 09.04.2019:
Møtebok frå førre møte vert godkjent.

017/19: Referatsaker

Arbeidsutvalet si innstilling:
Referatsakene blir tatt til orientering.

Behandling:
Ref.sak 1. Interkommunalt samarbeid
Orienteringa vart teken til vitande.
Fellenmnda ber administrasjonen om å ta initiativ til konkrete drøftingar / forhandlingar med Nye Ålesund no når dei har gjort vedtak om tenestestadar i den nye kommunen.
I tilknytning til orienteringssaka ber fellesnemnda om at det vert tatt initiativ til eit møte med fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal, Stein Atle Veland, der ein drøftar aktuelle løysingar for Fjord kommune.

Ref.sak 2. Uttale frå Fjordhagen næringsforum til arbeidsgruppe for næring- og samfunnsutvikling i Fjord kommune
Saka vert teken til vitande

FELLES-FJ- 017/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 09.04.2019:

Referata vert tatt til vitande med følgjande kommentar i ref.sak 1:

Fellenmnda ber administrasjonen om å ta initiativ til konkrete drøftingar / forhandlingar med Nye Ålesund no når dei har gjort vedtak om tenestestadar i den nye kommunen.
I tilknytning til orienteringssaka ber fellesnemnda om at det vert tatt initiativ til eit møte med fylkesdirektør i NAV Møre og Romsdal, Stein Atle Veland, der ein drøftar aktuelle løysingar for Fjord kommune.

018/19: Syskjenmoderasjon SFO

Arbeidsutvalet si innstilling:
1. Fellesnemnda vidarefører gjeldande betalingsattsar for SFO hausten 2019.

2. Ordning med søskenmoderasjon for SFO, vert å sjå i samanheng med utarbeiding av felles reglement, retningslinjer og betalingsattsar for Fjord kommune.

3. Ny moderasjonsordning skal gjelde frå 01.01.2020.

Behandling:

Samrøystes i sasvar med innstillinga.

FELLES-FJ- 018/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 09.04.2019:

1. Fellesnemnda vidarefører gjeldande betalingsattsar for SFO hausten 2019.

2. Ordning med søskenmoderasjon for SFO, vert å sjå i samanheng med utarbeiding av felles reglement, retningslinjer og betalingsattsar for Fjord kommune.

3. Ny moderasjonsordning skal gjelde frå 01.01.2020.

019/19: Kontrollutvalsekretariat frå 2020 - Fjord kommune

Kontrollutvala si innstilling:

Fellesnemnda for Fjord kommune gjer slikt vedtak:

1.

Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).

2.

Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.

Behandling:

Samrøystes i samsvar med innstillinga.


FELLES-FJ- 019/19 Vedtak i Fellesnemnda - Fjord kommune 09.04.2019:

1.

Fellesnemnda syner til eigarkommunane sine vedtak om endring av selskapsavtale for Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS (SKS IKS).

2.

Fellesnemnda sluttar seg til kontrollutvala sine felles tilrådingar om å vidareføre det interkommunale samarbeidet om kontrollutvalssekretariat i regi av SKS IKS.



Fjord kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 19/365
Saksbehandlar: Bente Klakken
Osvik
Dato: 16.05.2019

Saksframlegg

Referatsaker

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
022/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	21.05.2019

Arbeidsutvalet si innstilling: Referatsakene blir tatt til orientering.

Underliggende sak:

Saksnummer	Tittel
1	Svar vedkomande skulekretsar i Fjord kommune
2	Tentativt tilbod om kjøp av skuleplassar for elevar frå Stranda kommune
3	Vedtak - Organisering, drift og investeringar - omgjering til oppvekstsenter i Liabygda

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Kartverket

Vår ref.

17/937/FA-L30, FE-033/HIDY/70 25
88 62

Dykkar ref.

Dato:

05.04.2019

Svar vedkomande skulekretsar i Fjord kommune

Det vert vist til saka om kretsar, der skulekretsar for Fjord kommune no er tema. Sidan det ikkje er skulekretsar med like namn eller nummereringar i dei eksisterande kommunene, ser vi ikkje at det er nødvendig å endre nummereringa på skulekretsar i Fjord kommune. Vi ynskjer å behalde Norddal skulekrets med Valldal 1, Eidsdal 5, og Stordal skulekrets, Stordal 2.


Det vert ingen endringar i skulekretsane i Fjord kommune, og vi har då; Valldal 1, Stordal 2, Eidsdal 5.

Med helsing

Hilde Dyrkorn
prosjektleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.

Kopi til:
Karl André Birkhol



Fjord kommune

Stranda kommune
Øyna 13

6200 STRANDA

Vår ref.
19/41/FA-A20/KARBIR/70258825

Dykkar ref.

Dato:
10.05.2019

Tentativt tilbud om kjøp av skuleplassar for elevar frå Stranda kommune

Viser til tidlegare samtalar/forhandlingar i samband med eventuelt kjøp av skuleplassar for elevar frå Liabygda, og til brev frå ei rekkje organisasjonar og institusjonar i Liabygda datert 30. april, samt til kontakt i høve saka mellom ordførar Jan Ove Tryggestad og underteikna.

Fellesnemnda for Fjord kommune vil gjenta det vi tidlegare har gitt uttrykk for, nemleg at vi gjerne vil tilby elevane skuleplass i Fjord kommune.

Skulane i Fjord kommune har kapasitet til å ta i mot elevar frå Stranda kommune, utan at dette utløyser spesielle driftsmessige utfordringar.

Forskrift til opplæringslova regulerer det økonomiske ansvaret for grunnskuleopplæring og spesialundervisning.

§ 18-1: *Kommunen sitt økonomiske ansvar for elevar som får opplæring utanfor bustadkommunen*
a) *For barn som ikkje er spesielt nemnde under punkt b, c og d, og som får grunnskuleopplæring og spesialundervisning utanfor kommunen, betalar bustadkommunen etter avtale. Bustadkommunen fastset omfanget av spesialundervisninga etter sakkunnig tilråding frå vertskommunen. Bustadkommunen er den kommunen der foreldra, eller den av foreldra som har omsorg for barnet, bur.*

KS sentralt rår til at ein legg KOSTRA-tal til grunn for utrekning av økonomisk oppgjer mellom kommunane. Det økonomiske ansvaret for skuleskyss og spesialundervisning ligg til barna si heimkommune. Etersom utgiftene til spesialundervisning ligg i KOSTRA-tala til kommunane, er det praksis for å trekkje ifrå 20% når ein skal berekne det økonomiske oppgjeret.

Snittet for skulane i Fjord kommune er på same nivå som for skulane i Stranda kommune.

Grunnskuleopplæring-nøkkeltal 2018	Norddal	Stordal	Gjennomsnitt Fjord	Stranda
Netto driftsutgifter til grunnskulesektor per innbyggjar 6-15 år	164 038.-	137 600.-	150 819.-	151 054.-

Tilbod

Fjord kommune tilbyr skuleplass for elevar frå Stranda kommune frå 1. august 2019. Grunnkostnad per elev vert sett med utgangspunkt i KOSTRA-snitt 2018 med fråtrekk på 20%.

Utrekning:

• KOSTRA-tal Fjord:	150 819.-
• <u>Fråtrekk 20%</u>	<u>- 30 164.-</u>
=	<u>120 655.-</u>

Tilbod:

- Fjord kommune tilbyr Stranda kommune grunnskuleopplæring til kr. 110 000.- per elev
- Stranda kommune dekkjer utgifter knytt til spesialundervisning og skuleskyss
- Avtalen skal regulerast årleg i samsvar med KOSTRA
- Oppseiing årleg innan 31. desember med verknad frå komande skuleår.

Med helsing

Karl Andre Birkhol
administrasjonssjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.



Stranda kommune

Rådmannen

Saksbehandlar: Tone Merete Lillebø

Melding om vedtak

Fjord kommune

Vår ref.:

2016001151- 60

Dykkar ref.:

18/5

Arkiv:

K2 - B11

Dato:

16.05.2019

Vedtak - Organisering, drift og investeringar - omgjering til oppvekstsenter i Liabygda

Det er gjort følgjande vedtak i saka:


15.05.2019 KOMMUNESTYRET 040/19

1. Stranda kommunestyre opphevar vedtak i KOM-sak 032/19
2. Liabygda skule vert lagt ned frå august 2019
3. Stranda kommune kjøper skuleplass i Valldal av Fjord kommune for elevane frå 1. – 10. trinn ved Liabygda skule
4. Elevane frå Liabygda som i skuleåret 2018/2019 er elevar ved Stranda ungdomsskule held fram der som i dag.
5. Liabygda barnehage tilbyr SFO til dei elevane som ynskjer slikt tilbod
6. Tilsette får tilbod om tilsvarende arbeid i Stranda kommune
7. Kommunestyret ber administrasjonen og ordførar om å framforhandle avtale med Fjord kommune om kjøp av skuleplass i Valldal frå og med skulestart august 2019. Avtalen skal endeleg godkjennast av Stranda kommunestyre i juni 2019.

Med vennleg helsing
Stranda kommune

Tone Merete Lillebø
Kommunalsjef oppvekst

Dette brevet er godkjent elektronisk i Stranda kommune og har derfor ikkje signatur.



Fjord kommune

Arkiv: FA-K12
JournalpostID: 19/350
Saksbehandlar: Hilde Dyrkorn
Dato: 14.05.2019

Saksframlegg

Fjord kommune ei nasjonalparkkommune

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
023/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	21.05.2019

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda for Fjord kommune tilrår at saka vert sendt til kommunestyret i Fjord for handsaming.

Fellesnemnda vonar kommunestyret for Fjord vil søkjer medlemskap i Norges nasjonalparkkommuner for Fjord kommune i løpet av 2020.

Saksgrunnlag:

Vår ref. 18/994/FE - 026/KABI/70258825 «Vedrørende overføring av kontraktsforhold frå Norddal kommune og /eller Stordal kommune til Fjord kommune som ny medkontrahent frå 1.1.2020.»

Norddal kommune har status som nasjonalparkkommune og er medlem av Norges nasjonalparkkommuner.

Som det framgår av vedlagte vedtekter:

4. Medlemmer

Som medlemmer i Foreningen kan være:

- a) kommuner som av Staten har fått tildelt statusen «Nasjonalparkkommune» (heretter NPK); og*
- b) kommuner som av Staten har fått tildelt statusen «Nasjonalparklandsby» (heretter NPL) for et sted.*

6. Utestenging av medlemmer

Et medlem kan utestenges dersom

- a) medlemmet ikke lenger oppfyller vedtektenes pkt. 4 a) eller b);*

Norges nasjonalparkkommuner foreslår at kommunestyret i Fjord kommune innen utløpet av 2020 fatter vedtak om kommunen skal søke status som nasjonalparkkommune eller ei, jfr. invitasjonen fra Miljødirektoratet datert 15.05.2018 og med referanse 2018/5611.

Saksopplysningar:

Norddal kommune fekk 23.06.2008 tildelt status som nasjonalparkkommune av Direktoratet for naturforvaltning.

Tildelinga skjedde på grunn av samarbeidsavtalen som var inngått med nabokommunane om forvaltning av Reinheimen nasjonalpark.

Frå før hadde 27 kommunar status som nasjonalparkkommune.

Kommunestyret handsama den 28.06.2018, sak 031/18 om innarbeiding av kriterium for nasjonalparkkommunar og utviding av statusen som nasjonalparkkommune.

Fylgjende vedtak vart fatta:

1.

Norddal kommune vedtek å innarbeide kriterium for nasjonalparkkommunar i kommuneplanen sin samfunnsdel og øvrige planverk i samsvar med vedlegg;

«Kriterium for nasjonalparkkommunar for å vere aktør under merkevaren Norges nasjonalparker».

2.

Norddal kommune søker om å bli aktør under merkevaren «Norges nasjonalparker».

Merkevaren «Norges nasjonalparker» vart lansert 13. april 2015 og har som målsetting at nasjonalparkane skal trekke til seg fleire besøkande, og at verneområda skal få eit betre vern. Dette kan igjen føre til større verdiskaping for kommunane.

Det er 96 kommunar her i landet som har delar av arealet sitt innafor ein nasjonalpark, og pr. i dag har 31 kommunar status som nasjonalparkkommune og 5 kommunar har status som nasjonalparklandsby.

Lom er eit døme på ein nasjonalparklandsby. I Møre og Romsdal har kommunane Sunndal, Rauma og Norddal status som nasjonalparkkommune.

Det vert årleg arrangert ein årskonferanse for nasjonalparkkommunane og nasjonalparklandsbyane. Konferansen er i år lagt til nasjonalparkkommunane Lierne og Røyrvik i juni. Deltaking på den årlege konferansen er på 3000,- per person . I tillegg kjem reisekostnader.

Nasjonalparkkommunane betaler ein årleg kontingent som for 2019 er på kr 17.500,-.

Det faglege nettverket ein etablerer i samband med konferansar og anna informasjon er viktig for kommunen. Vidare er dette eit kvalitetsstempel som kan nyttast i samband med marknadsføring av kommunen.


Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Slik vi les vedtektene for Norges nasjonalparkkommunar vil det vere mogleg for Fjord å verte medlem i denne foreninga slik Norddal kommune er i dag.

Med dei erfaringar ein har så langt er dette noko vi ynskjer å vere med på og som kan gi store gevinstar i marknadsføring av Fjord kommune.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef



Saksframlegg

Endeleg rapport frå arbeidsgruppa for samfunns- og næringsutvikling

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
024/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	21.05.2019

Utsendte saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.05.2019	Endeleg rapport samfunns- og næringsutvikling	1326273

Arbeidsutvalet si innstilling:

Fellesnemnda ber administrasjonen legge rapporten til grunn for organisering av næringsutviklinga i Fjord kommune.

Saksgrunnlag:

Fellesnemnda oppretta ei arbeidsgruppe som har hatt i oppdrag å arbeide vidare med temaet samfunns- og næringsutvikling. Nemnda skal kome med råd om korleis Fjord kommune på best måte skal legge til rette for næringsutvikling og synleggjere næringane sine behov. Nemnda må også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.

Nemnda har vore samansett av representantar frå politikk, administrasjon, næringsliv, Fjordhagen og Vekst i Stordal. Gruppa har hatt 6 møter og har lagt fram ein rapport frå arbeidet sitt.

Rapporten er vedlagt saka. Rapporten viser kva tema arbeidsgruppa har arbeidd med og kva råd som vert gitt til Fjord kommune sitt vidare arbeid.

Arbeidsgruppa tilrår ei mellombels organisering basert på dei ressursane som Norddal og Stordal kommune nyttar i dag. Samfunndel av kommuneplan med tilhøyrande handlingsdelar skal danne grunnlaget for organiseringa vidare.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rapporten slik han ligg. I denne saksutgreiinga har ein tatt med hovedelementa frå det oppsummerande avsnittet i arbeidsgruppa sin rapport.

Fjord kommune er tydeleg på at det er nødvendig å ta ei aktiv rolle i høve til samfunns- og næringsutvikling. Denne haldninga er både politisk og administrativt forankra.

Når ein no skal etablere ein heilt ny kommune er det også nødvendig med nye planar og prioriteringar.

Fjord kommune vert ein ny kommune - samansett av dagens Norddal og Stordal kommunar. Fjord kommune må utarbeide ein ny overordna kommuneplan som ser heile den nye kommunen under

eitt, og som ser på samla satsingar og prioriteringar for heile Fjord kommune. Utarbeiding av samfunnsdel av kommuneplan er første steg i dette arbeidet.

Samfunnsutviklinga i Fjord kommune er eit samspel mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar. I arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplan vil det vere nødvendig å involvere næringslivet breitt, og arbeidsgruppa rår til at det vert sett av ressursar til å gjere ei analyse av nosituasjon- og verdiskapingsanalyse i samband med ny samfunnsdel for Fjord kommune.

Arbeidsgruppa ser næringsutviklingsarbeid som så viktig i Fjord kommune at næringsutvikling må vere eit eige hovedfokus i samfunnsdelen av kommuneplan.

Arbeidsgruppa tilrår at arbeidet med samfunnsdel av kommuneplan vert prioritert og sett i gang snarast råd. I prosessen må det leggst vekt på brei involvering av både næringslivet, innbyggerane og spesielt ungdommen i kommunen.

Dette vil gi retning for kva prioriteringar som skal vere i Fjord kommune framover.

Ein planprosess vil ta tid, og Fjord kommune må ta stilling til korleis ein skal organisere arbeidet med næringsutvikling allereie om kort tid.

Før ein har gjort det grunnleggande planarbeidet med heile Fjord kommune som utgangspunkt, bør det ikkje gjerast organisatoriske grep som kan binde opp for andre framtidige løysingar.

Det er viktig at den nye kommuneadministrasjonen i Fjord kommune er tett på planarbeidet og i tett samhandling med næringslivet. Ein må likevel unngå å opprette stillingar eller tilsette personar i eigen organisasjon utan at dette eventuelt vert ein del av ein langsiktig plan.

For å sikre fleksibilitet inntil planarbeidet er fullført, bør Fjord kommune gå i aktiv dialog med dei aktørane som i dag har oppgåver med næringsutvikling i både Norddal (Fjordhagen) og Stordal (Vekst i Stordal) med sikte på å avklare og nytte deira kompetanse og ressursar i ein overgangsfase. Det må i denne prosessen gjerast prioriteringar. Fjord kommune skal straks i gang med budsjettarbeid for første driftsår og økonomiplan for dei neste åra. Kommunen sin ressursbruk og prioritering i høve til næringsutviklingsoppgåver må avklarast gjennom budsjettprosessen

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Arbeidsgruppa har slikt forslag til organisering av næringsutviklingsarbeidet 2020:

- Arbeid med samfunnsdel av kommuneplan vert oppstarta snarast og gjennomført i Fjord kommune sin regi. Det skal leggst vekt på brei involvering av næringslivet, innbyggerane og ungdommen i heile kommunen.
- Mål og prioriteringar i samfunnsdel av kommuneplan skal gi føringar for korleis næringsutviklingsarbeidet i kommunen skal organiserast.
- Inntil samfunnsdel av kommuneplan er på plass skal:
- Fjord kommune inngå avtale med Fjordhagen som hoppid-kontor frå 01.01.2020.
- Fjord kommune etablerer ei mellombels organisering for året 2020 som nytter kompetanse og kapasitet frå dagens Fjordhagen og pågåande aktivitet i Vekst i Stordal.
- Hausten 2019 skal det etablerast eit handlingsprogram for 2020 der ein prioriterar tiltak som tek stilling til pågåande aktivitet i både Norddal og Stordal. Dette må knytast opp til budsjettprosessen for Fjord kommune slik at ein sikrar faktisk gjennomføring av ønska tiltak.
- Grunnlaget for handlingsprogram bør utarbeidast av ei gruppe samansett av leiar av Fjordhagen, prosjektleiar Vekst i Stordal, økonomisjef i Fjord kommune, næringsjef i Norddal kommune og rådmann i Stordal kommune.

Samhandling kommune næringsliv:

- Det er næringslivet sjølv som styrer korleis ein ønskjer å organisere seg, men gruppa ser det likevel som ein stor fordel dersom næringslivet i Fjord kommune kan etablere eit felles næringslag/forum for heile Fjord kommune.
- Møteplass for aktørar i næringslivet: Det bør leggst til rette for møteplassar mellom aktørar i næringslivet. Næringsforum i Norddal er eksempel på slik møteplass. Næringslivet

sjølv må seie noko om form, innhald og frekvens.

- Møteplass mellom kommune og næringsliv: Det skal etablerast faste møteplassar mellom kommuneadministrasjon, politisk leiing og næringslivet
- Vi tilrår at Fjord kommune gir økonomisk støtte til etablering og drift av felles møteplassar for næringslivet i kommunen.

Involvering av ungdom:

Arbeidsgruppa ser det som viktig at det vert eit tydelegare og meir målretta involvering av ungdom i arbeid med nærings- og samfunnsutvikling. Ein ser føre seg mellom anna desse tiltaka:

- Vidareføre arbeid med ungt entreprenørskap i skulen.
- Strukturere arbeidet i ungdomsrådet på lik linje med andre politisk organ, eksempel fast møtekalender.
- Finne tiltak som kan sikre vidare kontakt med ungdom som reiser ut for å ta utdanning.
- Framtidig kompetansebehov: Gruppa ser det som viktig at det vert lagt til rette for lærlingeplassar både i kommunen og privat næringsliv.

Forvaltning av kommunalt næringsfond:

Arbeidsgruppa foreslår at Fjord kommunestyre opprettar eit fondsstyre og vedtekter for bruk og forvaltning etter likande mal som Norddal kommune har i dag.

- Fondsstyret bør ha god representasjon frå næringslivet
- Førebuing av saker vert gjort i kommuneadministrasjonen
- I dette arbeidet skal ein også vidareføre ordninga med ungdommens næringsfond.

Forventningar til kommunen si rolle/funksjon med lovpålagde oppgåver:

- Kompetent organisasjon, med god og effektiv saksbehandling
- Spesielt fokus på plan- og bygningsloven
- God evne til tverrfagleg samarbeid
- I den nye kommunelova er det pålagt å ha eit ungdomsråd. I kommuneadministrasjonen må det vere ressursar som sikrar at ungdomsrådet vert godt involvert i planprosessar og saker som naturleg vedkjem ungdom og samfunnsutviklinga

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef

Arbeidsgruppe samfunns- og næringsutvikling Rapport – til fellesnemnda 21.05.2019

Mandat og samansetning av arbeidsgruppe

Arbeidsgruppa for samfunns-og næringsutvikling er sett ned av fellesnemnda i sak 059/18.

Arbeidsgruppa har hatt slik samansetjing:

- 2 representantar oppnemnt av næringslaga – ein frå kvar av dei noverande kommunane
- 2 politisk valde representantar valde av fellesnemnda etter tilråding frå valnemnda
- Rådmann i Stordal, Anne Berit Løset
- Rådmann i Norddal, Karl Andre Birkhol
- Planleggar Martin Flatmo Hove
- Terese Jemtegård Moen
- Harald Espeland

Fellesnemnda - Fjord kommune – val av politiske representantar i sak 065/18:

Val av politiske representantartil arbeidsgruppa etter tilråding frå valnemnda:

- Vigdis Hove Øie, Stordal med vara Frode Færøy
- Per Magnus Berdal, Norddal, med vara Ole Henrik Uri

Valde representantar frå næringslaga i dei to kommunane til arbeidsgruppa vert av fellesnemnda teken til vitande. Dei valde er;

- Magne Tøsse frå Stordal Næringslag
- Stein Kristian Valdal frå Norddal Næringslag, med Hallvard Omenås til vara.

Fellesnemnda har gitt arbeidsgruppa eit manda i sak 059/18:

Fellesnemnda oppnemner ei arbeidsgruppe som får i oppdrag å arbeide vidare med temaet samfunns- og næringsutvikling. Nemnda skal kome med råd om korleis Fjord kommune på best måte skal legge til rette for næringsutvikling og synleggjere næringane sine behov. Nemnda må også kome med råd om korleis vi skal engasjere ungdom i desse spørsmåla.

Intensjonsavtalen som vart inngått mellom Norddal og Stordal kommunar i desember 2016 nyttar namnet Storfjord kommune som arbeidsnamn. Den seier dette om næringsutvikling:

Storfjord kommune skal ha ei overordna samfunns- og arealplanlegging som legg til rette for utvikling i heile kommunen, og som bidrar til ei berekraftig utvikling i samfunns- og næringsliv. Den nye kommunen skal ha ei tydeleg satsing på næringsutvikling. Omstilling og innovasjon er sentrale utfordringar.

Storfjord kommune skal:

- *Arbeide for å skape felles identitet*
- *Legge til rette for folketalsvekst og stimulere til busetjing i alle delar av kommunen*
- *Knyte saman heile kommunen gjennom god infrastruktur*
- *Legge til rette for auka kollektivandel, for å redusere bilbruken*
- *Legge til rette for god utvikling og inkludering av frivillig sektor*
- *Stimulere til eit godt og nyskapande kulturtilbud*

Arbeid i gruppa

Gruppa har hatt 6 møter:

- 18.12. Presentasjon og gjennomgang mandat
- 09.01. Presentasjon «Stordalsmodellen» og «Norrdalsmodellen»
- 06.03. Kommunen si rolle i høve til samfunns- og næringsutvikling, litt frå forskning og eksempel på tiltak i andre kommunar/andre delar av landet, lovpålagde og ikkje lovpålagde oppgåver
- 14.03. Aktuell statistikk Norddal, Stordal, samanslått Fjord, diskusjon om organisering
- 05.04. Gjennomgang av utkast rapport, drøfting konklusjonar
- 13.05. Konkluderande møte, avslutning av arbeid, innstilling frå arbeidsgruppa

Enkel kartlegging og statistikk

Arbeidsgruppa har gjennomført ei enkel kartlegging og innhenta ein del statistikk-grunnlag for å belyse nositasjonen og utviklingstrekk for næring- og samfunnsutvikling i Norddal og Stordal kommune.

Arbeidsmarknad og sysselsetting

I følge fylkesplansjef Ole Helge Haugen si framstilling utviklingstrekk i Møre og Romsdal på samling for hoppid.no-nettverket 7-8.mars er Stordal ein del av arbeidsmarknadsregion Ålesund og Norddal ein del av arbeidsmarknadsregion Norddal/Stranda.

Utpendling 4.kvartal 2018	Til Stordal	Til Norddal	Til Stranda	Til Ålesund	Til Ørskog
Frå Norddal	14		61	52	7
Frå Stordal		24	18	57	32

Innpendling 4.kvartal 2018	Frå Stordal	Frå Norddal	Frå Stranda	Frå Ålesund	Frå Ørskog
Til Norddal	24		58	22	11
Til Stordal		14	15	29	36

Totalt pendla 214 personar ut frå Norddal kommune, medan 197 personar pendla inn til Norddal kommune. Totalt pendla 199 personar ut frå Stordal kommune, medan 189 personar pendla inn til kommunen. Per 4.kvartal 2018 var det 640 personar i Norddal kommune som både bur og arbeider i Norddal kommune. I Stordal var det på same tidspunkt 280 personar som bur og arbeider i Stordal kommune.

Når det gjeld arbeidsplassdekning (tal på sysselsette personar ift. talet på arbeidstakarar busett i kommunane per 4.kvartal 2018) så er den på 107% både i Norddal og Stordal. Det vil seie at her er fleire arbeidsplassar enn det er sysselsette i begge kommunane.

Totalt sett har sysselsettinga gått ned med 4% i Norddal i 2018 medan det har vore 0,21% vekst i Stordal.

Per 4.kvartal i 2018 er sysselsettingsprosenten av befolkninga 15-74 år i Norddal kommune på 72%, og i Stordal kommune på 69,6%. Når det gjeld gjennomsnittsalder på sysselsette så er den på ca 45 år både for kvinner og menn i begge kommunane.

Nyetableringar og overlevingsevne nystarta bedrifter

Tal på nyetableringar i 2018 var unormalt lav. Dette har vore målt i tal på nyetableringar per 1000 innbyggjarar, og har ligge på mellom 9-13 for begge kommunane dei siste åra, og det har vore på gjennomsnitt med eller høgare enn både for Møre og Romsdal og landet. I 2018 var ein på 3 for Norddal og 5 for Stordal. Vi har sett nærare på talgrunnlaget som fylket har brukt som grunnlag for årets utrekning, og kan ikkje sjå at det stemmer med faktisk tal på etablerte bedrifter. Tala som vi finn er mykje høgare: 12 bedrifter i Norddal og 8 for Stordal.

Overlevingsevna til nystarta bedrifter i Norddal ligg på 38,5% og i Stordal på 50%. Dette er andel av bedriftene som vart stifta i 2011 som har overlevd 5 år etter. Denne er høgare enn både fylkesgjennomsnittet på 30,10% og landsgjennomsnittet på 27,3%.

Antal verksemder, omsetning og bransjefordeling

Per 01.januar 2019 var det totalt 324 verksemder i Norddal kommune og 154 verksemder i Stordal kommune. Dei største private bedriftene med omsetning over 10 mill og/eller sysselsetting over 20 personar var i 2017:

Bedrift	Oms 2017	Tal tilsette	Kommune	Bransje
---------	-------------	-----------------	---------	---------

Busengdal Transport AS	153 mill	112	Stordal	Grunnarbeid
Helland Eigedom AS	94 mill	0	Stordal	Utleige eigedom
Helland Møbler AS	86 mill	25	Stordal	Engroshandel møbler
Muritunet AS	68 mill	142	Norrdal	Rehabilitering og opptreningsinstitusjon
Valldal Høvleri AS	39 mill	22	Norrdal	Butikkhandel byggevarer
Muri Mat AS	37 mill	32	Norrdal	Butikkhandel nærings-/nytelsesmidler
Stordal Møbel AS	33 mill	25	Stordal	Produksjon av møbler
Vad AS	28 mill	17	Stordal	Engroshandel møbler
Remseth Maskin AS	27 mill	11	Norrdal	Engroshandel maskiner og utstyr jordbruk/skogbruk
Valldal Mat AS	22 mill	14	Norrdal	Butikkhandel nærings-/nytelsesmidler
Storfjord Landbrukstenester SA	21 mill	344	Norrdal	Tjenester tilknyttet husdyrhold
Sitwell AS	19 mill	18	Stordal	Produksjon av møbler
Valldal Grønt AS	19 mill	4	Norrdal	Bearbeiding og konservering av frukt og grønnsaker
Syltemoa Sandtak AS	17 mill	7	Norrdal	Utvinning av grus- og sandtak...
Machine Control AS	15 mill	9	Stordal	Engroshandel maskinverktøy
Jørgen Vinje AS	15 mill	14	Stordal	Butikkhandel nærings-/nytelsesmidler
Rask Bygg AS	15 mill	5	Stordal	Engroshandel trelast
Valldal Bilsenter AS	15 mill	13	Norrdal	Vedlikehold og reparasjon motorvogner
Stordal Auto AS	14 mill	12	Stordal	Detaljhandel drivstoff
Valldal Bygg AS	11 mill	0	Norrdal	Utvikling og salg eiendom
Valldal Fjordhotell Drift AS	10 mill	20	Norrdal	Drift av hotell med restaurant
Sunn Rør AS	10 mill	6	Stordal	Rørleggerarbeid
Eskild Tilseth Transport ENK		20	Stordal	Godstransport på veg
Holstad Varetransport ENK		33	Stordal	Godstransport på veg
Håkon Myklebust ENK		74	Norrdal	Dyrking frukt og grønnsaker

Kjelde: Purehelp

Tabellen ovanfor viser rådata som ikkje er analysert, men er henta ut for å gje eit visst bilde av kva som er dei største bedriftene i Norrdal og Stordal kommunar med tanke på omsetning og sysselsetting. I begge kommunane er det større avdelingar av firma/konsern registrert i andre kommunar. Dette kjem ikkje fram i oversikta.

Medrekna offentlege verksemder er dominerande bransjar i Norrdal kommune Helse- og sosialtenester med 250 tilsette i 21 bedrifter, jordbruk/skogbruk/fiske med 130 tilsette i 120 bedrifter, varehandel/reparasjon motorvogn med 92 tilsette i 24 bedrifter og bygg/anleggsverksemd med 62 tilsette i 27 bedrifter per 4.kvartal 2018.

Dominerande bransjar i Stordal kommune er bygg/anleggsverksemd med 113 tilsette i 24 bedrifter, helse/sosialtenester med 97 tilsette i 9 bedrifter, varehandel/repasasjon motorvogn med 65 tilsette i 16 bedrifter og industri med 50 tilsette i 12 bedrifter.

Dersom ein legg saman tala for Fjord kommune, ser ein at det er skeiv kjønnsfordeling spesielt innan jordbruk/skogbruk/fiske, bygg/anleggsverksemd, transport/lagring som er svært mannsdominert, og innan helse/sosialtenester og undervisning som er svært kvinnedominert.

Folketalsutvikling og utdanningsnivå

Folketalet i dei to kommunane per 01.01.2019 var 1645 for Norddal og 947 for Stordal. Dette tilsvarar ein nedgang på 1,5% for Norddal og 2,6% for Stordal frå 2018-2019. Dei siste ti åra har Norddal hatt ein folketalsnedgang på 8,7% og Stordal ein nedgang på 8,1%.

År	Norrdal	%Endring	Stordal	% Endring
2019	1645	1,5	947	2,6
2018	1670	0,4	972	3,3
2017	1663	0,7	1005	1,5
2016	1652	1,4	1020	2,2
2015	1676	0,5	1043	0,8
2014	1685	3,1	1035	1,6
2013	1739	0,1	1052	2,5
2012	1738	1,3	1026	0,4
2011	1761	2,2	1022	0,8
2010	1801	1,8	1030	2,9

Av siste års nedgang i folketal på 25 personar i Norddal kommune gjeld dette vesentleg innanlandsk utflytting, altså at innbyggjarar i Norddal har flytta ut av kommunen og til andre stader i Norge. Same trenden er for Stordal kommune. Fødselsoverskot og innvandring/utvandring er nokonlunde i balanse.

For Norddal kommune sin del så veit vi at det har flytta heim att og etablert seg ein god del unge familiar dei siste åra. Norddal hadde svak folketalsvekst både i 2016, 2017 og 2018.

Dersom folketalet hadde utvikla seg slik ein såg føre seg då ein SSB laga framskrivinga i året 2010, skulle folketalet i 2019 vere 1775 innbyggjarar i Norddal og 1066 innbyggjarar i Stordal per 01.01.2019 (i høve til middels nasjonal vekst).

4,7% av personar frå 16 år og oppover i Norddal har utdanning på universitets- og høgskulenivå (lang). For Stordal er dette 3,8%. For Møre og Romsdal er det 5,7% og for landet 9,7%, altså er vi litt under snittet i Møre og Romsdal og ein god del under snittet på landsnivå. Når det gjeld prosentvis kjønnsfordeling så ser dette slik ut:

Utdanningsnivå	Menn Stordal	Menn Norddal	Kvinner Stordal	Kvinner Norddal
Grunnskulenivå	33%	31%	27%	26%
Vidaregåande skule-nivå	45%	48%	49%	43%

Fagskulenivå	4%	4%	1%	1%
Universitet/høgsk. kort	14%	12%	19%	25%
Universitet/høgsk. lang	4%	5%	4%	5%

Det er realtivt jamn kjønnsfordeling på utdanningsnivå mellom dei to kommunane, men Norddal kommune utmerkar seg på å ha høgare prosentandel kvinner med universitet/høgskuleutdanning (kort).

Norrdal kommune – næringsutviklingsarbeid i dag

Strategisk næringsplan 2016-2026

Norrdal kommune utarbeidde og vedtok i 2016 strategisk næringsplan med hovedmål:

Norrdal kommune skal stimulere til eit lønsamt, nyskapande og berekraftig næringsliv som primært tek utgangspunkt i næringar som har naturlege konkurransefortrinn i området.

og følgjande delmål:

1. Fleire og meir overlevingsdyktige verksemder
2. Fleire arbeidsplassar
3. Auke folketalet med minst 50 innbyggjarar i planperioden

Strategisk næringsplan er delt inn i 5 satsingsområder, og kvart satsingsområde har definerte tiltak med handlingsprogram med tilhøyrande budsjett for næringsfondet:

1. Satsing på ungdom
2. Nyetablering og vekst
3. Identitet og omdøme
4. Vidareutvikle levedyktige lokalsamfunn
5. God organisering av næringsutviklingsarbeidet

Lovpålagde oppgaver knytt til næringsutvikling/landbruksforvaltning

Norrdal kommune har sjølv ansvaret for lovpålagte oppgaver relatert til næringsutvikling/landbruksforvaltning:

- Viltforvaltning
- Naturforvaltning (motorferdsel i utmark etc)
- Skogforvaltning
- Miljøarbeid/miljøforvaltning
- Produksjonstilskot
- Innovasjon Norge BU-midlar
- SMIL-midlar

Norrdal kommune administrerer sjølve det kommunale næringsfondet, der næringsssjef skriv sakene til politisk behandling på dei to utlysingsrundane, og næringsfondstyret behandlar dei. Fjordhagen AS har kontakt med alle søkjarar i forkant, og rådgjev og kvalitetssikrar at all naudsynt informasjon vert lagt ved søknaden. Norrdal kommune administrerer også «Ungdommens næringsfond» der ungdomsrådet er behandlinginstans.

Ikkje-lovpålagde oppgåver – «framhjelp av næringslivet i Norddal kommune»

Fjordhagen AS har ansvaret for «framhjelp av næringslivet i Norddal kommune» og får tilskot til dette frå næringsfondet. Dette er avklart ihht. ESA støtterregelverk, og kjem ikkje i konflikt med lov om offentlege anskaffelsar (sjå eige kapittel om bruk av næringsfonda). Tilsegna er direkte knytt opp til satsingane i strategisk næringsplan. Oppgåvene er:

- Førstelineteneste for eksisterande bedrifter: Rådgjeving, nettverksbygging og søknadsskriving for etablerte bedrifter i Norddal kommune. Innleige av foredragshaldarar og arrangering av temasamlingar/kurs. Innleige av ekstern kompetanse til bedrifter som ynskjer strategisk utvikling og vekst.
- Hoppid.no-kontor for gründarar/bedrifter 0-5 år: rådgjeving, nettverkskopling og kompetanseheving for gründerar
- Prosjektleiing/fasilitering av bestemte satsingar som td. Forprosjekt for utvikling og verdiskaping Valldalsleia, Strategi- og konseptplan sykkelturisme, Forprosjekt infosenter Valldal mm.
- Grunnarbeid for næringsutvikling med deltaking på hoppid.no nettverkssamlingar, Grøn Fjord 2020, MRmat og andre relevante og kompetansehevande nettverksmøter og konferansar, forvaltning av hoppid.no-midlane, oppfølging av Ungt Entreprenørskapsprogramma (Innovasjonscamp, Elevbedrift mm.), arrangere hoppid.no-kurs for gründerar i begge kommunane og igangsetting og oppfølging av prosjekt for næring- og samfunnsutvikling i Norddal kommune.
- Vertskapsfunksjon og elektronisk turistinformasjon med drift av sommarope infosenter i Valldal sentrum, oppdatering av 14 elektroniske infoskjermar ute på næringsforumsbedrifter, ivaretaking av Norddal kommune sine forpliktingar i avtale med Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, oppdatering av Norddal360.no, deltaking på Fritidsmessia i Ålesund og visningstur for frontpersonale i bedrifter i Norddal kommune.

For å kvalitetssikre framdrift/retning på Fjordhagen sitt arbeid er det månadlege møter i «kontaktutval for næringsutvikling» der Fjordhagen AS, to representantar frå næringsforumsbedriftene, ordførar, rådmann og næringsjef møtest.

Fjordhagen AS har også andre forretningsområde/kundar utanom tilskot frå Norddal kommune som td. drift av næringsforum, drift av kantine- og kontortenester for bedriftene i næringshagen, hoppid.no-kontor for Stordal kommune, organisasjonsutvikling for Inn på tunet Møre og Romsdal og rådgjeving for etablerte bedrifter utanfor Norddal kommune som ynskjer hjelp til søknadsarbeid opp mot til dømes Innovasjon Norge, Forskningsrådet etc. Dette står i Fjordhagen AS sin strategi.

Fjordhagen AS

Fjordhagen AS har totalt 3060 aksjar fordelt på 25 eigarar. Dei fem største eigarane er SIVA (1020 aksjar, 33%), Tafjord Kraftproduksjon AS (700 aksjar, 23%), Norddal kommune (250 aksjar, 8%), Sparebanken Møre (200 aksjar, 6,5%), Muritunet AS (150 aksjar, 5%). Resterande aksjar er eigd av aktørar i lokalt næringsliv.

Selskapet har to fast tilsette, dagleg leiar Terese Jemtegård Moen i 100% stilling og rådgjevar Kirsti Indreeide i 60% stilling. I tillegg er det fire sesongtilsette turistvertar på infosenteret i Valldal sentrum.

Fjordhagen AS vart stifta i 2002 som ein næringshage i SIVA-familien. Fram til 2009 var oppgåva framleige av næringshagebygget som kommunen eig, og forretningsutvikling av utvalde «målbedrifter» som satsa på innovasjon og vekst. I 2007 opna Fjordhagen AS det første hoppid.no-kontoret i Møre og Romsdal, hoppid.no-kontor for Norddal og Stordal kommunar. I 2009 overtok kommunen sjølv ansvaret for utleige av kontor til bedriftene i næringshagen. Fjordhagen AS held fram med å tilby bedriftene i næringshagen fellesteneste som kantine, printar/kopimaskin og sosiale samankomstar fordi bedriftene ynskte det. Norddal kommune hadde bestemt at dei skulle sette i gang eit Dørøpnarprosjekt for å få tilflytting og rekruttering, og Fjordhagen AS tilsette dørøpnar og hadde ansvaret for gjennomføringa av tiltaka i prosjektet som vart avslutta i 2015. I 2012 datt Fjordhagen AS ut av SIVA sitt næringshageprogram, og satsinga på forretningsutvikling av utvalde målbedrifter hadde ikkje lenger finansiering. Fjordhagen måtte gjere ei strategisk kursendring, og skaffe seg meir eksterne oppdrag i tillegg til drift av hoppid.no-kontor for Norddal og Stordal kommunar. Norddal kommune hadde behov for prosjektleiing/fasilitering av eit 3-årig småkraft-prosjekt, og Fjordhagen AS lyste ut og tilsette prosjektleiar. Fjordhagen AS har seinare også fått fleire eksterne oppdrag som går på prosjektleiing av samfunn- og næringsutviklingsprosjekt som td. Samfunnsdelplan for Stordal kommune, organisasjonsutvikling for Hanen Møre og Romsdal og organisasjonsutvikling for Inn på tunet Møre og Romsdal. Fasilitering av konferansar og større seminar/workshops har også vore av oppdraga ein har hatt.

På initiativ frå bedrifter i Norddal kommune starta Fjordhagen AS opp eit næringsforum i 2012. Forumet har i dag 54 medlemsbedrifter, i hovudsak frå Norddal kommune men også nokre bedrifter frå Stranda kommune. Bedriftene betalar ei serviceavgift på 2000 kr per år. Etter ynskje frå medlemsbedriftene har ikkje næringsforumet noko styre, men Fjordhagen AS fungerer som sekretariat og set opp ein årleg handlingsplan med tiltak som bedriftene spelar inn. Det vert både arrangert bedriftsbesøk, generelle møter for nettverksbygging og ideutvikling, og tematiske/bransjemøter ved behov. Det vert også arrangert kurs, dømer på dette er kurs i offentleg anskaffing, GDPR-personvern, varme arbeid, sosiale media, norsk kurs, datakompetanse med meir. Sekretariatet arbeider også med felles problemstillingar som bedriftene spelar inn, til dømes i fjor var det behov for å finne ny leverandør på renovasjon. Når kommunen ynskjer medverknad frå næringslivet i prosessar/arbeidsgrupper som td. arbeidsgruppe for samfunn- og næringsutvikling Fjord kommune, tettstadutvikling Valldal, kontaktutval for næringsutvikling Norddal kommune og brukarutval for Martin Linge-huset så peikar næringsforumet ut representantar for dette. Næringsforumsbedriftene har også tatt initiativ til fleire spleiselag for utvikling av fellesgoder, mellom anna dei 14 elektroniske info-skjermene som heng ute hjå bedrifter som har mykje folk innom. Her er det annonser for både bedrifter og arrangement/aktivitetar som frivillige lag og organisasjonar arrangerer.

Med Norddal kommune sine strategiske næringsplan frå 2016 fekk Fjordhagen AS også ansvaret for satsinga på utvikling av eksisterande bedrifter, både med tanke på forretningsutvikling og kompetanseheving. Her bidreg Fjordhagen med sin kompetanse, og i tillegg leiger ein inn naudsynt ekstern kompetanse. Ein har også hatt god erfaring med å kople bedrifter og hjelpe dei til å inngå samarbeidsprosjekt. Her kan ein nemne at Valldal Aktivitetspark er eit resultat av ei slik kopling, der dei også har nytt godt av inkubator-ordninga ved ÅKP (Ålesund kunnskapspark). Av samarbeidsprosjekt så kan ein nemne marknadssamarbeid Valldal og bedriftsnettverk forprosjekt ViEN mat.

Gjennom arbeidet Fjordhagen AS har gjort for bedrifter og kommunen har ein greidd å skaffe betydelege midlar frå eksterne aktørar til bedrift- og samfunnsutvikling. Mange bedrifter har fått støtte til investering og kompetanseheving frå Innovasjon Norge som resultat av Fjordhagen sitt arbeid. Norddal kommune har også fått betydeleg støtte frå td. Møre og Romsdal fylkeskommune til sine satsingar som resultat av Fjordhagen sitt arbeid med søknadar og prosjektplanlegging. Her kan nemnast dei to siste prosjekta: Tettstadprosjekt Valldal sentrum (481.875 kr), Forprosjekt utvikling og verdiskaping Valldalsleia (250.000 kr), og det har vore mange fleire tidlegare.

Fjordhagen AS har alltid vore eit næringsutviklingselskap som har endra seg ut frå samfunnet og bedriftene sine behov, og det kan selskapet også gjere no ved neste strategiske vegskilje som handlar om kommunesamanslåing. Selskapet har oppnådd god tillit frå kommunen, alle bygdelag og bedrifter i Norddal kommune og ynskjer svært gjerne å utvide satsingsområdet geografisk. For å få til dette ser ein for seg å få Stordalsbedrifter inn i styret, køyre ein aksjeemisjon for også å få inn eigarar frå Stordal kommune og å legge ein ny strategisk plan for utviklinga av selskapet til det beste for nærings- og samfunnsutvikling i Fjord kommune. Gjennom 18 års drift har selskapet opparbeidd seg grundig kunnskap og erfaring med samfunn- og næringsutviklingsprosessar både lokalt, regionalt og nasjonalt. Gjennom det tidlegare næringshageprogrammet og dagens hoppid.no-kontor og alle oppdrag ein har gjennomført har Fjordhagen har verdifulle kontaktnettverk tett på både lokalt næringsliv, Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (spesielt på kultur, regional/næring, men også på samferdsel), Fylkesmannen i Møre og Romsdal (landbruk) og andre hoppid.no-kontor, næringshagar, inkubatorar og kunnskapsparkear i Møre og Romsdal. Det vert arbeidd med å knytte Fjordhagen AS endå tettare opp mot ÅKP (Ålesund kunnskapspark) for å kunne gje bedriftene endå betre råd og vegleiing i innovasjon og vekst, og Fjordhagen AS har kompetanse som ÅKP ser på som verdifull innan destinasjonsutvikling og utvikling av besøksnæringsbedrifter.

Stordal kommune – næringsutviklingsarbeid i dag

Vekst i Stordal (ViS)

Stordal kommune har sidan 2014 hatt eit omstillingsprosjekt med namnet Vekst i Stordal. Prosjektet kom i stand som eit resultat av at Stordal kommune har hatt stor nedgang i tal arbeidsplassar knytt til møbelindustrien.

Det vart utarbeidd konkrete mål for arbeidet i Vekst i Stordal:

- Medverke til 75 nye arbeidsplassar
- Medverke til ny aktivitet i ledige lokale
- Utvikling av service- og tenestenæringar i kommunen

ViS og eksisterande verksemder

Arbeidet har vore innretta mot både nyetablering og utvikling av eksisterande verksemder.

Når det gjeld eksisterande verksemder har ein hatt følgjande hypotese:

- Alle nyetableringar er svært sårbare dei første åra – ca 70 % lukkast ikkje

- Ei etablert/eksisterande verksemd er i så måte «gull verdt» - har allereie kome over kneika
- Enklaste måten å auke sysselsetting er gjennom eksisterande verksemder = viktig for å nå mål om 75 nye arbeidsplassar
- Men det skal ekstremt stor volumauke til for at eksisterande verksemder treng mykje meir areal = vanskeleg å nå målet om ny aktivitet i ledige lokale

ViS har lagt opp til at prosjektleiar kan bruke mykje tid saman med eksisterande verksemder.

Aktivitetar:

- Deltatt i styremøter
- Deltatt på strategimøter
- Kontinuerleg dialog med leiinga i fleire verksemder
- Proaktiv – pønska ut innspel til verksemdene (forretningsidear, forretningsmodellar, produktidear, marknadsarbeid osv).

I evalueringa av prosjektet har ein fått tilbakemelding frå bedriftseigarar/leiarar. Eit eksempel på slik tilbakemelding:

«Rent personlig må jeg nevne at en oppriktig god dialog med prosjektleder i ViS vært til svært god hjelp i ulike situasjoner der jeg har stått overfor veivalg av ulik karakter. For å forklare mine utfordringer i vårt lille firma med begrensede midler, så er jeg både daglig leder, personalsjef, innkjøpssjef, salgssjef og økonomisjef. Dialog med prosjektleder i ViS har gitt meg et utvidet «leder-miljø» på en positiv måte, veldig viktige innspill og nye ideer som har hjulpet meg å få et bredere perspektiv.»

Vekst i Stordal gir følgjande råd for oppfølging av eksisterande verksemder:

- Næringslivet i Fjord = Små og mellomstore verksemder
- Begrensa med leiarressursar
- Fare: Leiinga blir «spist opp» av kvardagen – lite kapasitet til å tenke utvikling og vekst
- Konsekvens: Fjord og næringslivet går glipp av vekst og mogleg sysselsetting

Vidare næringsutvikling: Bør ha ein funksjon som kan fungere som «utvida leiargruppe»/sparringspartner for verksemdene – sikre at det blir arbeidd kontinuerleg med forretningsutvikling.

ViS i høve til nyetablering:

ViS har arbeidd med nyetableringar ut frå følgjande hypotese:

- Svært få nyetableringar overlev dei første 5 åra. Endå færre blir til «vekstverksemder» med ei viss sysselsetting
- Nye verksemder treng nytt areal = viktig for å nå mål om ny aktivitet i ledige areal
- Stor skilnad i korleis ei nyetablering bør følgast opp: Torgbod kontra smoltanlegg

ViS har derfor skilt mellom ulike typar etableringar:

- Hoppid er eit supert tilbod til mindre etableringar (og for så vidt større etableringar)

- ViS har plukka ut nokre som vi ville jobbe tett med – fordi vi trur dei kan bli store
- Døme: Stordal Aquaproduksjon AS, Lotics AS, NorInsect AS, Machine-Control AS, Storfjord Iskrem AS

ViS sine råd i høve til vidare næringsutviklingsarbeid i Fjord er å skilje mellom to typer nyetableringar:

- Dei som har maksimalt potensiale for å bli 1-2 tilsette
- Dei som har potensiale til å bli store og strategisk viktige verksemder i lokalsamfunnet om nokre år.
- Desse to ulike typane nyetableringar treng ulik oppfølging – omfang, kompetanse, finansiering m.m.
- Arbeidet med næringsutvikling bør leggje til rette for at begge typer nyetableringar kan få naudsynt oppfølging.

ViS egne satsingar

Gjennom arbeidet med ViS har det kome fram idear og egne satsingar. Erfaringa tilseier at næringsutvikling er ein eigen kompetanse. Gjennom arbeid med næringsutvikling får ein auge på nokre moglegheiter som ikkje verksemdene alltid ser sjølv. Spesielt kan dette gjelde tiltak som involverer fleire verksemder. Utfordringa er å forankre slike tiltak godt nok hos verksemdene til at dei blir engasjert og motivert til å gripe fatt i moglegheitene. Viktig å merke seg i slike prosessar at ideen kan endre seg mykje undervegs i ein prosess.

Eit døme kan vere tiltaket Mathuset. Ein arbeide for å etablere ei felles løysing for produksjon og logistikk for lokalmatprodusentar som ønskjer å vekse. Vile unngå overinvestering i produksjonsutstyr og dyr logistikk, noko som hindrar vekst. Ei rekkje verksemder vart samla i eit bedriftsnettverk, og det vart gjort ei solid utgreiing (Høiås og Valle). Aktøren med mest utstyr gjekk konkurs og tiltaket stranda. MEN: Nilsgardstunet og Sau og sånt har etablert eit samarbeid av same type som var tenkt i Mathuset, noko som gir vekst for begge.

Anna:

Stordal kommune si landbruksforvaltning er i dag løyst gjennom interkommunalt samarbeid, Nordre Sunnmøre Landbrukskontor v/Ørskog kommune. Tekniske tenester og planarbeid skjer gjennom eit samarbeid med Norddal kommune, TSSN. Hoppid-kontoret er lagt til Fjordhagen i Valldal.

Distriktsenteret sine råd

Distriktsenteret er ei offentleg verksemd som jobbar for å styrke kommunar og regionar si evne til å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn. Dei arbeider på oppdrag frå kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Distriktsenteret har mellom anna laga ein studie som har tittelen «Suksessrike distriktskommuner». Dette er ein studie av kjenneteikn ved 15 norske distriktskommunar.

Næringsutvikling er ikkje ei lovpålagt oppgåve for kommunen. Distriktsenteret erfarer at næringslivet si oppfatning er at kommunene sin innsats på dette området er svært viktig. Undersøkingar viser at kommunen si rolle med næringsutvikling vert oppfatta som spesielt viktig i distriktskommunar.

Distriktsenteret viser også tydelege eksempel på at det kan vere stort sprik mellom kommunen og næringslivet si oppfatning om situasjonen, og at det er god grunn til å sjå nærmare på samhandlinga mellom næringslivet og kommunal sektor. Næringslivet forventar ofte meir samhandling og bedre kommunale tjenester, medan kommunale leiarar meiner kommunane leverer gode tenester og forstår næringslivet sine behov. Distriktsenteret si erfaring er at suksessrike næringskommunar kjenneteiknast av eit omfattande samarbeid mellom lokalt næringsliv og vertskommunen.

At det ofte er ulik oppfatning mellom kommunen og næringslivet vert også dokumentert i FAFO-rapport «Kommunen som samfunnsutvikler»:

- Kun 15 % av næringslivsleiarane meiner kommuneorganisasjonen har ein god/svært god forståelse for næringslivet sine behov, mens heile 82 % av rådmenn/næringsansvarlige meiner at denne forståelsen er godt/svært godt på plass i kommunane.
- 20 % av næringslivsleiarane meiner kommunen sine reguleringsplanar er godt/svært godt tilpassa næringslivet sine behov, medan 70 % av dei kommunale leiarane meiner dette er godt/svært godt ivaretatt.
- 18 % av næringslivsleiarane meiner kommunen har rask saksbehandling på saker som vedkjem næringslivet, medan 78 % av kommunen sine eigne leiarar meiner dei leverer rask saksbehandling til næringslivet.

Distriktsenteret trekker fram fleire viktige moment:

- «Tett samhandling mellom næringsliv og kommuneorganisasjonen er avgjørende for å lykkes med lokal utvikling. I mange lokalsamfunn er det et stort potensial for bedre samhandling. Dette handler først og fremst om å innarbeide en bevissthet i kommunens ledelse om viktigheten av å være tett på næringslivet. Dernest handler det om å forankre næringsutvikling i langsiktige planer for lokal samfunnsutvikling.»
- «Mange kommuner utnytter i liten grad sin rolle som offentlig utviklingspartner i samspill med lokalt næringsliv. Manglende bruk av offentlige forsknings- og utviklingskontrakter (OFU) er et eksempel på dette.»
- «I enkelte kommuner yter bedrifter og næringsliv store, og i noen tilfeller avgjørende bidrag (ut over arbeidsplasser og skatteinntekter), til å bygge attraktive lokalsamfunn. Kommuner som lykkes med dette gir næringslivet lokalt handlingsrom, og ikke minst sørger for at disse prosjektene er godt politisk forankret. Vi erfarer at dette ofte er bedrifter med lokalt eierskap.»

Eit av dei viktigaste kjernebodskapa til distriktsenteret kan oppsummerast slik:

- God næringsutvikling er i stor grad avhengig av enkeltpersonar sine eigenskapar, arbeidsform og handlekraft.

- Arbeid med næringsutvikling vert drive svært ulikt både på kommunalt – og regionalt nivå, og mellom desse nivåene. Det er ikkje grunnlag for å seie at ei bestemt organisering gir den beste næringsutviklinga.

Attraktivitetsmodellen:

Distriktsenteret forklarar vekst i eit lokalsamfunn gjennom det dei kallar for attraktivitetsmodellen.


Modellen bygger på tre dimensjonar, attraktivitet som:

- Bedriftsstad
- Besøksstad
- Bustad

Stader med høg bedriftsattraktivitet er stader som har ei høg grad av sysselsetting knytt til næringar som produserer varer eller tenester som kan selgast ut av regionen til nasjonalt eller internasjonalt marked. Det kan vere varer frå landbruk, fiske, industri eller teknologiske tenester. Dei vert kalla basisnæringar.

Besøksattraktivitet handlar om alle former for besøksnæringar. Felles for desse næringane er at dei krev at kunden må møte opp personleg på staden. Det handlar om evna til å trekke til seg kjøpekraft. Dette gjeld sysselsetting i butikk, overnatting, servering, kultur og aktivitet.

Bustadsattraktiviteten er avgjerande for at veksten i arbeidsplassar skal resultere i auka innflytting med påfølgande befolkningsvekst. Mens dei to andre faktorane gir vekstimpulsar gjennom arbeidsplassvekst, gir bustadsattraktivitet vekstimpulsar gjennom netto innflytting. Bustadsnæringar kan vere kommunale tenester som barnehage, primærhelsetenesta, grunnskule – alle tenester som er direkte retta mot staden sine eigne innbyggjarar.



Distriktsenteret kan vere ei kan vere eit ressursmiljø som Fjord kommune kan nytte i det vidare arbeidet med næringsutvikling.

Viktige funn om næringsutvikling:

- Er ein del av lokalsamfunnsutviklinga
- Mindre vanleg enn før at kommuner held seg med egne næringsavdelingar
- Av 15 case-kommunar var det ingen som hadde eigen næringsavdeling
- Utviklingsfunksjon lagt under rådmann med heilskapleg utviklingsmandat
- Eller lagt ut til eige utviklingselskap
- Det er handlingsmønsteret som skaper utvikling ikkje gode intensjonar

Når det roller og stadleg kultur er dei gode kommunane slik at dei kan handtere reglar når det er påkrevd, orientere seg i eit marked når dei må det, og kan snu seg raskt for å få i gang eit prosjekt, når det er hensiktsmessig.

Dei kan utnytte smådriftsfordelar. Det er kort veg mellom idear og beslutningar i små, flate organisasjonar. Det er stor grad av kunnskapsdeling og tillitsbygging på tvers av fag- og sektorgrenser i små organisasjonar. Det er lite spesialisert arbeidsfokus og mange «poteter»; det vil seie arbeids-takarar med samansette ansvarsområde.

Distriktsenteret peikar på viktigheita av å nytte nettverk - på tvers av offentleg og privat verksemd. Åremålstillingar kan vere aktuelle – ein kan misse utviklingskraft om ein vert i ein posisjon for lenge. Gjerne bruke eksterne prosjektleiarar som kan stille nye spørsmål, utfordre etablerte sanningar.

Slik har andre gjort det?

Arbeidsgruppa trekker kort fram eksempel på korleis andre kommunar har organisert arbeidet med næringsutvikling.

Sykkylven kommune - Sykkylven Næringsutvikling AS – SNU

SNU er eit selskap som arbeider for å fremje næringslivet i Sykkylven gjennom å bidra til etablering av ny og utvikling av eksisterande verksemder. SNU sine eigarar er Sykkylven kommune (52%) og lokalt næringsliv (48%).

SNU si oppgåve er å følgje opp strategisk næringsplan for Sykkylven kommune. SNU driv bedriftsretta utviklingsarbeid og er ein samarbeidsarena mellom kommunen og lokalt næringsliv. SNU har eit nært samarbeid med og utfører tenester for Sykkylven Industri- og Næringslag og Sykkylven Handelsforening. SNU utfører førstelinjeteneste for etablerarrettlegg i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune og Innovasjon Norge (hoppid.no).

SNU sine arbeidsoppgåver/tenester:

- Bistand og rådgjeving i prosess med næringslivet
- Regionalt og lokalt samarbeid med ulike aktørar på ulike satsingsområde
- Tilflytting og bulyst
- Infrastrukturar og velfungerande kommunikasjonar

Stranda kommune

Stranda kommune har næringsutviklingsarbeidet som ein del av kommuneorganisasjonen. Dei har tilsett næringsjef i 100% stilling. Stillinga er organisatorisk plassert i næring og teknisk. Stillinga omfattar fleire roller, både landbruksjef, næringsjef og Hoppid-kontakt.

Fordelen med slik organisering er at kommunen får god kontakt og kunnskap om kva som rører seg i næringslivet. Ulempa kan vere kapasitet – det er mange roller og oppgåver som skal fyllast.

Aurland kommune

Medieoppslag gjord oss nysgjerrige på Aurland kommune sitt arbeid med næringsutvikling og vi har spurt dei om korleis arbeidet vert gjort der.

Aurland kommune har tilsett næringsjef i kommuneorganisasjonen. Stillinga er i rådmannen sin stab, nært knytt til plansjef. Næringsjefen utgjer førstelinjetenesta i kommunen. Næringsjefen samarbeider tett med næringsaktørar som Sognefjorden Næringshage, Aurland ressurs (NSB og Aurland kommune 50/50 eigarskap), Flom AS og fleire. Næringshagen vert ofte nytta til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med kommunen, gjerne som prosjekteigar.

Dei opplever at kommunen på denne måten kan vere tett på både næringsliv og andre i kommuneorganisasjonen som er viktige for utviklingsarbeidet – plansjef vert spesielt trekt fram i denne samanhengen.

Kommunen har utarbeidd ein næringsplan. Årleg vert det utarbeidd handlingsprogram, som er nært knytt opp til samfunnsdel av kommuneplan og kommunen sin økonomiplan og budsjettprosess.

Rauma kommune

Rauma kommune har ikkje næringsjef eller næringskonsulent i eigen organisasjon. Rauma kommune er medeigar i Nordveggen AS som vart etablert i samarbeid mellom Rauma kommune og Rauma næringslag tidleg på 2000-talet. Frå 2018 har ikkje Nordveggen AS lenger noko tilskot frå Rauma kommune til felles utviklingsoppgåver. Nordveggen har gjennom anbod fått oppdrag med å utføre Hoppid-tenester for kommunen. Dette utgjer i størrelseorden om lag kr 350.000 årleg.

Rauma kommune sin samfunnsplan er også vedtatt som Nordveggen og Rauma næringslag sitt strategidokument. Kommunen og næringslivet i Rauma har mange samarbeidsprosjekt. Dei siste åra har Rauma kommune støtta etablering av to nye utviklingsselskap. Det eine er Utrøna Innovasjonssenter, som arbeider med vekst i eksisterande bedrifter samt å meisle ut nye forretningsidear. Det andre er eit utviklingsselskap for reiseliv, Romsdalen AS. Kommunen sin

representant gir uttrykk for at det har vore eit mål for kommunen å styrke og samle satsinga på strategiske utviklingsområde.

Rauma kommune har Kraftfond, der bruken av midlane vert styrt av eit fondsstyre på 5 medlemmar. I vedtektene heiter det at fondsstyre vert oppnemnt av kommunestyret, og at næringslivet i kommunen bør vere representert.

Vedtekter og retningslinjer for Rauma kraftfond er vedlagt rapporten.

Næringsfond i Fjord kommune

Norrdal kommune har inntekter frå konsesjonsavgift, som dannar grunnlag for kraftfond. Dette utgjer inntekter på om lag 3 millionar kroner årleg. Desse midlane vert nytta til å støtte næringslivsprosjekt og næringsretta aktivitet.

Stordal kommune har ikkje konsesjonsavgiftsinntekter. Stordal kommune mottok midlar til kommunalt næringsfond frå fylkeskommunen. Dei siste åra har dette vore kr 500.000 under føresetnad av at kommunen bidreg med kr 250.000 frå eige budsjett. I sum utgjer då det kommunale næringsfondet kr 750.000 årleg. Kommunale næringsfond skal brukast til å styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling. Støtte frå næringsfondet skal gå til bedrifter og nyetablerarar som bidrar til vekst ved å skape nye arbeidsplasser. Unge, kvinner og innvandrarar skal prioriterast.

Stordal kommune har i åra 2014-2018 hatt ei ekstraordinær finansiering av næringsutviklingsarbeidet i samband med omstillingsarbeidet Vekst i Stordal frå fylkeskommunen.

I retningslinjer for kommunale næringsfond i Møre og Romsdal går det fram at kommunar med eigne kraftfond, eller andre ekstraordinære inntekter som kan brukast til næringsutvikling, ikkje får tildelt kommunalt næringsfond.

Fjord kommune sitt næringsfond vil etter dette måtte basere seg på konsesjonsavgiftsinntekter, om lag 3 millionar kroner pr år.

Kommunestyret i Norrdal gjorde 23.06.2016 vedtak om å gje tilsegn om tilskot til Fjordhagen AS, som Fjordhagen AS igjen skal nytte til framhjelp av næringslivet i kommunen. Tilsegna tek utgangspunkt i råd og føringar som er gjeve av advokatfirmaet KLUGE og skal reflektere handlingsprogrammet i strategisk næringsplan. Den økonomiske ramma for tilsegna frå næringsfondet vert kvart år fastsett av kommunestyret etter innspel frå Fjordhagen AS. Ordninga hadde som intensjon første omgang å gjelde t.o.m. 2020. Fjordhagen AS rapporterar på bruken av tilsegnsmidlane til kommunestyret.

Næringsfondet i Norrdal kommune er finansiert med midlar frå kraftinntekter, og kommunen har relativt vide mulegheiter til å gje tilskot frå dette fondet. Dette i motsetning til midlane som kjem til andre kommunale næringsfond frå fylkeskommunen som er knytt opp til bagatellmessig

støtteregelverk. KLUGE vart leigd inn av Fjordhagen AS til å lage eit utkast til «Betingelsar for alminnelig tilskot frå næringsfondet i Norddal kommune til Fjordhagen AS». I samband med dette leverte dei eit følgjenotat der dei drøftar tilskotet og forholdet til støtteregelverket, og korleis tilskotet etter deira syn kan ytast utan å kome i konflikt med støtteregelverket. KLUGE meiner at det kan argumenterast både for at støtta ikkje vil påverke samhandelen, og såleis falle heilt utanfor statsstøtteforbodet, samt at støtta eventuelt kan ytast i medhald av bagatellunntaket for såkalla tenester av allmenn økonomisk betydning.

Viktige kommunale funksjonar - lovpålagde oppgåver

Generelt er det avgjerande for næringslivet at kommunen har kompetanse på dei saksområda som berører næringslivet.

Kompetanse i kommunen knytt til plan og bygningsloven, planarbeid og enkeltsaker er svært viktig for næringslivet, og vert ofte trekt fram som det mest avgjerande.

Andre lovområde som er viktige:

- Miljøforvaltning, forvaltning av verneområde
- Trygg vassforsyning
- Infrastruktur vatn og avløp
- Jordlova
- Konesjonslova
- Skoglova
- Viltforvaltning
- Lov om motorferdsel i utmark
- Alkohollova
- Lov om serveringverksemd
- Lov om eigedomsskatt

Korleis legge til rette for involvering av ungdom?

Norrdal kommune har rekrutteringsutfordringar i sin kommuneorganisasjon. Av dagens 170 årsverk er halvparten av dei tilsette over 60 år. I Stordal kommune er det om lag 135 fast tilsette. Av desse er 32 over 60 år.

Det vil seie at ein må ha fokus på strategiar for å kunne tilsette kompetente medarbeidarar i desse stillingane dei neste sju åra. Det kan vere gjennom satsing på lærlingordning og vidareutdanning av noverande tilsette.

Vi må heller ikkje gløyme det vi gjer i dag som er bra. Vi må halde fram satsinga på Ungt entreprenørskap-programma i hoppid.no med alt frå satsing på barneskuletrinnet, ungdomstrinnet via vidaregåande skule og heilt opp på studentbedriftnivå.

Ungdommens næringsfond er også viktig å halde fram med, men føresetnaden for at dette skal vere ein suksess er at ungdomsrådet har ein god koordinator som også kan samarbeide med næringsutviklar som har tett kontakt med bedriftene.

Støtte til lærling- og trainee ordningar er også viktig for å få ungdommen «heim att». Både viktig at kommunen sjølv har fokus på dette og stimulerer og legg til rette for at bedriftene også kan ta inn lærlingar/trainee.

Fjord kommune bør arbeide for å halde kontakt med ungdom under vidareutdanning og synleggjere mulegheitene for arbeid og bustad etter dei er ferdig utdanna.

- Skule – fortsette arbeid med grundercamp i ungdomskule
- Legge til rette for sommarjobbar – i kommune og lokalt næringsliv
- Lærlingeplassar

Kompetanse

Herunder må vi igjen nemne utfordringa som Norddal kommune har i nær framtid med å rekruttere kvalifisert personell, då over halvparten av dei tilsette er over 60 år. Satsing på lærlingeordning og støtte til vidareutdanning av noverande tilsette er strategiar for å kunne gjere noko med dette.

Når det gjeld private bedrifter så veit vi at også dei slit med å rekruttere kvalifisert personell. Her kan kommunal støtte til lærling- og trainee-ordningar vere aktuelle. Det fins også ei statleg ordning som heiter Kompetansepluss der bedrifter i samarbeid med kurstilbydarar kan søkje på midlar som har med vaksenopplæring å gjere i norsk, rekning og datakompetanse.

Eit anna innspel frå arbeidsgruppa er å oppmode elevar på ungdomsskulane til å starte elevbedrifter (Ungt Entreprenørskapsprogram) som kan drive med kursing i datakompetanse.

Arbeidsgruppa har også eit innspel om at Fjord kommune bør innføre ei ordning der kommunen er med å gje støtte til hybelopphald mot at eleven/studenten binder seg til sommarjobb i kommunen.

Arbeidsgruppa si tilråding:

Forventningar til kommunen si rolle/funksjon i høve til næringsutvikling:

Fjord kommune er tydeleg på at det er nødvendig å ta ei aktiv rolle i høve til samfunns- og næringsutvikling. Denne haldninga er både politisk og administrativt forankra.

Ny kommune – behov for nye planar og prioriteringar:

Fjord kommune vert ein ny kommune - samansett av dagens Norddal og Stordal kommunar. Fjord kommune må utarbeide ein ny overordna kommuneplan som ser heile den nye kommunen under eitt, og som ser på samla satsingar og prioriteringar for heile Fjord kommune. Utarbeiding av samfunnsdel av kommuneplan er første steg i dette arbeidet.

Samfunnsutviklinga i Fjord kommune er eit samspel mellom kommune, næringsliv og innbyggjarar. I arbeidet med samfunnsdelen av kommuneplan vil det vere nødvendig å involvere næringslivet breitt, og arbeidsgruppa rår til at det vert sett av ressursar til å gjere ei analyse av nosituasjon- og verdiskapingsanalyse i samband med ny samfunnsdel for Fjord kommune.

Arbeidsgruppa ser næringsutviklingsarbeid som så viktig i Fjord kommune at næringsutvikling må vere eit eige hovedfokus i samfunnsdelen av kommuneplan.

Arbeidsgruppa tilrår at arbeidet med samfunnsdel av kommuneplan vert prioritert og sett i gang snarast råd. I prosessen må det leggjast vekt på brei involvering av både næringslivet, innbyggjarane og spesielt ungdommen i kommunen.

Dette vil gi retning for kva prioriteringar som skal vere i Fjord kommune framover.

Ein planprosess vil ta tid, og Fjord kommune må ta stilling til korleis ein skal organisere arbeidet med næringsutvikling allereie om kort tid.

Før ein har gjort det grunnleggande planarbeidet med heile Fjord kommune som utgangspunkt, bør det ikkje gjerast organisatoriske grep som kan binde opp for andre framtidige løysingar.

Det er viktig at den nye kommuneadministrasjonen i Fjord kommune er tett på planarbeidet og i tett samhandling med næringslivet. Ein må likevel unngå å opprette stillingar eller tilsette personar i eigen organisasjon utan at dette eventuelt vert ein del av ein langsiktig plan.

For å sikre fleksibilitet inntil planarbeidet er fullført, bør Fjord kommune gå i aktiv dialog med dei aktørane som i dag har oppgåver med næringsutvikling i både Norddal (Fjordhagen) og Stordal (Vekst i Stordal) med sikte på å avklare og nytte deira kompetanse og ressursar i ein overgangsfase.

Det må i denne prosessen gjerast prioriteringar. Fjord kommune skal straks i gang med budsjettarbeid for første driftsår og økonomiplan for dei neste åra. Kommunen sin ressursbruk og prioritering i høve til næringsutviklingsoppgåver må avklarast gjennom budsjettprosessen.

Forslag til organisering av næringsutviklingsarbeidet 2020:

- Arbeid med samfunnsdel av kommuneplan vert oppstarta snarast og gjennomført i Fjord kommune sin regi. Det skal leggjast vekt på brei involvering av næringslivet, innbyggjarane og ungdommen i heile kommunen.
- Mål og prioriteringar i samfunnsdel av kommuneplan skal gi føringar for korleis næringsutviklingsarbeidet i kommunen skal organiserast.
- Inntil samfunnsdel av kommuneplan er på plass skal:
 - Fjord kommune inngå avtale med Fjordhagen som hoppid-kontor frå 01.01.2020.

- Fjord kommune etablere ei mellombels organisering for året 2020 som nyttar kompetanse og kapasitet frå dagens Fjordhagen og pågåande aktivitet i Vekst i Stordal.
- Hausten 2019 skal det etablerast eit handlingsprogram for 2020 der ein prioriterar tiltak som tek stilling til pågåande aktivitet i både Norddal og Stordal. Dette må knytast opp til budsjettprosessen for Fjord kommune slik at ein sikrar faktisk gjennomføring av ønska tiltak.
- Grunnlaget for handlingsprogram bør utarbeidast av ei gruppe samansett av leiar av Fjordhagen, prosjektleiar Vekst i Stordal, økonomisjef i Fjord kommune, næringsjef i Norddal kommune og rådmann i Stordal kommune.

Samhandling kommune næringsliv:

- Det er næringslivet sjølv som styrer korleis ein ønskjer å organisere seg, men gruppa ser det likevel som ein stor fordel dersom næringslivet i Fjord kommune kan etablere eit felles næringslag/forum for heile Fjord kommune.
- Møteplass for aktørar i næringslivet: Det bør leggjast til rette for møteplassar mellom aktørar i næringslivet. Næringsforum i Norddal er eksempel på slik møteplass. Næringslivet sjølv må seie noko om form, innhald og frekvens.
- Møteplass mellom kommune og næringsliv: Det skal etablerast faste møteplassar mellom kommuneadministrasjon, politisk leiing og næringslivet
- Vi tilrår at Fjord kommune gir økonomisk støtte til etablering og drift av felles møteplassar for næringslivet i kommunen.

Involvering av ungdom:

- Tydelegare og meir målretta involvering av ungdom i arbeid med nærings- og samfunnsutvikling.
- Vidareføre arbeid med ungt entreprenørskap i skulen.
- Strukturere arbeidet i ungdomsrådet på lik linje med andre politisk organ, eksempel fast møtekalender.
- Finne tiltak som kan sikre vidare kontakt med ungdom som reiser ut for å ta utdanning.
- Framtidig kompetansebehov: Gruppa ser det som viktig at det vert lagt til rette for læringeplassar både i kommunen og privat næringsliv.


Forvaltning av kommunalt næringsfond:

- Fjord kommunestyre opprettar eit fondsstyre og vedtekter for bruk og forvaltning etter likande mal som Norddal kommune har i dag.
- Fondsstyret bør ha god representasjon frå næringslivet
- Førebuing av saker vert gjort i kommuneadministrasjonen
- I dette arbeidet skal ein også vidareføre ordninga med ungdommens næringsfond.

Forventningar til kommunen si rolle/funksjon med lovpålagde oppgåver:

- Kompetent organisasjon, med god og effektiv saksbehandling
- Spesielt fokus på plan- og bygningsloven
- God evne til tverrfagleg samarbeid

- I den nye kommunelova er det pålagt å ha eit ungdomsråd. I kommuneadministrasjonen må det vere ressursar som sikrar at ungdomsrådet vert godt involvert i planprosessar og saker som naturleg vedkjem ungdom og samfunnsutviklinga



Fjord kommune

Arkiv: FE-005
JournalpostID: 19/316
Saksbehandlar: Hilde Dyrkorn
Dato: 26.04.2019

Saksframlegg

Val av kommunevåpen for Fjord kommune

Saksnr. Utval	Utval	Møtedato
025/19	Fellesnemnda - Fjord kommune	21.05.2019

Arbeidsutvalet si innstilling:
Utan innstilling.

Saksgrunnlag:

I intensjonsavtalen mellom kommunane Norddal og Stordal, signert 13. desember 2016 er det lagt føringar for kommunevåpen til nye Fjord kommune.

Side 3 Kommunevåpen: «Det skal startast eit arbeid med å etablere nytt kommunevåpen og nytt ordførarkjede. I konstruksjonen av nytt ordførarkjede er det eit ønske om at tidlegare kommunevåpen er ein del av utsmykkinga. Denne prosessen kan også vere gjenstand for konkurranse»

Saksopplysningar:

Det er i fellesnemnda i sak 071/18 valt ein fagjury og ein folkejury som skal gjere innstilling om val av kommunevåpen og ordførarkjede for fellesnemnda i Fjord kommune. Det er kome inn 140 forslag til kommunevåpen og nokre få til ordførarkjede. Forslaga ligg på heimesida til Fjord kommune.

I denne omgang har juryane berre sett på kommunevåpena. Jurymedlemmane uttalar at ordførarkjede er utfordrande og arbeide med for ei så stor gruppe, og dei vil anbefale at profesjonelle tilverkarar vert sett til arbeidet. Det er og lurt å vente med ordførarkjede til kommunevåpenet er valt.

Fagjuryen kom fram til tre forslag til kommunevåpen som dei ville ha med vidare i prosessen. Dei beskriv at alle forslaga har forbedringspotensiale, men at dei på kvar sin måte kan fungere som representativt for Fjord kommune.

Forslag nr.8:

Her var det sjølvaste ideen snarare enn utforminga som vekka vår merksemd. Det trengs nok justeringar i komposisjonen, men det stilistiske grepet med ein abstrahert fjord og eit punkt for kvar bygd, kan fungere.

Forslag nr.57:

Dette våpenet skilte seg ut visuelt frå første runde, og då vi fekk vite kva det henviste til, vart vi endå meir begeistra. Våpenet vekkjer nysgjerrigheit, og peikar bakover til ei tid før det fanst kommunegrenser. Symbolikken i ein sirkel, som er open, er òg fin å ta med seg. Reint visuelt bør ein teste ut korleis dei små elementa vil fungere i mindre format – om det kan vere aktuelt å smelte saman steinane, eller om det bør vere eit tydelegare skilje mellom kvar enkelt stein.

Forslag nr.130:

Dette likte vi frå første stund, men nokre av oss vart mindre begeistra i andre runde, og meinte at det raskt vart litt kjedeleg. I tillegg ser vi at sjølv komposisjonen godt kan vidareutviklast, slik at spissane ikkje treff motståande linjer, og øvre fjellkonturar ikkje treff hjørna på våpenet, men at ein heller får ei overlapping av dei to blå flatene. Dette vil skape meir djupn og ein vil unngå at det blir ei kvit trekantform som legg seg fremst i øvre kant.

Folkejuryen har kome fram til 5 kommunevåpen før fellesmøte med fagjuryen.

Her er dei 5 folkejuryen har valgt ut, og litt kommentarar til dei:

Forslag nr. 7:

Denne hadde vi i utgangspunktet ikkje med i første omgang. Dette fordi vi ville tenke nytt og ikkje bruke nokon av dei gamle elementa.

Men om kommunevåpenet skal innehalde gamle element , er denne den vi likar best. Den tar igjen historia frå begge kommunene .

Denne er stilrein og er ein favoritt blant ungdommane på skulane. Noko vi som folkejury velger å ta med oss.

Forslag nr. 19:

Vi har valgt denne, fordi fjella i motivet er like slik som fjella som omgir oss. Vi kunne og ønskt oss grønt langs fjorden. Vi meiner ideen på denne kan utviklast.

Forslag nr. 42:

Denne er spennande og med ein god begrunnelse. Samhald er viktig. Det manglar ei hand ,sidan vi er 7 bygder. Tafjord, Fjørå, Valldal, Norddal , Eidsdal, Stordal og Dyrkorn.

Også her kunne vi tenkt oss grønt i bakgrunnen. Kanskje 2 delt med blått og grønt. Denne er antagelig den som fortel minst om at dette er Fjord Kommune. Om ikkje hendene kjem med som kommunevåpen, burde dei kanskje vore med i eit Ordførarkjede?

Forslag nr. 58:

Vi likar ideen til denne. Den er kanskje den som viser fjorden og fjella best. Fjella kunne vi kanskje tenkt oss litt meir organiske , då desse minner mest om isfjell.

Og igjen kunne vi tenke oss grønt langs fjorden, for å vise at landbruket står sterkt og at grønt signaliserer framtida. Det er ingen andre kommunevåpen i Noreg denne kan forvekslast med.

Forslag nr. 68:

Vi likar bilde av fjorden, men føler at sinkinga ser ut som kors. Kunne dei 2 vore satt sammen, slik at ein fekk ei klarere samanhengande sinking?

Vanskelig å sjå dei 7 strekene i fjorden på våre bilder. Usikker på om folk skjønner symbolikken.

Uttale frå:

Saksvurdering og konklusjon:

Juryane hadde fellesmøte i Martin Linge-huset måndag 6.mai. Her gjekk dei gjennom alle våpena

som var rangerte og stemte over plasseringar.

Det var fire av medlemmane som ikkje kunne møte, og dei vart kontakta og beden om å sende inn sin uttale om rangering til prosjektleiar.

Juryane satte opp forslaga ved sidan av kvarandre og drøfta alle våpena. Innstillinga vert lagt fram for fellesnemnda i møtet 21.mai 2019.

Juryane uttalar at det ikkje er enkelt for ei så stor gruppe og skulle arbeide med ordførarkjede til Fjord kommune. Dei tilrår at ein heller nyttar seg av konsulentar innan faget.

Karl André Birkhol
Administrasjonssjef